

[Namn]
[Adresse]
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Separering av stikkleidning for avløp [gnr], [bnr]

Vedtak om pålegg og fastsetjing av tvangsmulkt

Kommunen arbeider med å separere det kommunale avløpsnettet, og i samband med det arbeidet vil det vere føremålstenleg at alle innbyggjarane i området [X] legg om til separatsystem.

Kommunen har ansvaret for kontrollen med forureining, og med heimel i forureiningslova § 22 andre leddet pålegg [X] kommune deg å separere avløpsleidningen [og/eller den private fellesleidningen som eigedommen din er knytt til,] innan [xx.xx.xxxx].

Kommunen fastset samstundes tvangsmulkt [som eit eingongsbeløp på kr. xx xxx,- /dagmulkt på kr. xxx,- som vil gjelde frå same datoen [xx.xx.xxxx]/ kombinasjon], dersom kommunen ikkje har teke mot dokumentasjon på at avløpsleidningen er separert innan fristen, jf. forureiningslova § 73. [Sjå Klifs rettleiing TA-2758/2011 http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2011/Februar/Bruk_av_tvangsmulkt/]

Vi syner til varsel av [xx.xx.xxxx], [di tilbakemelding til kommunen av xx.x.xxxx], informasjonsbrev med vedlagd brosjyre av [xx.xx.xxxx] [og korrespondanse elles, telefonsamtalar og synfaring på eigedommen].

I samband med arbeidet med å utbetre avløpsnettet pålegg vi eigarar av bygningar som har stikkleidningar knytte til den kommunale hovudleidningen, å separere leidningane sine.

Vi har ikkje teke mot tilbakemeldingsskjema eller på annan måte fått melding om at kravet om å separere avløpsleidningen er følgt opp. Vi kan heller ikkje sjå at det har kome fram nye opplysningar som er viktige for saka. Vi legg derfor til grunn at det framleis er nødvendig å separere stikkleidningen din [og/eller den private fellesleidningen som eigedommen din er knytt til]. På denne bakgrunnen ser kommunen seg nøydd til å påleggje deg å separere avløpsleidningen din [og/eller den private fellesleidningen som eigedommen din er knytt til].

[X] kommune pålegg eigar av gnr. [x], bnr. [x] å separere stikkleidningen for avløp på eigedommen, jf. forureiningslova § 22 andre leddet.

Frist for å følge opp pålegget er sett til [xx.xx.xxxx].

Grunngjevinga for pålegget er at kommunen er i ferd med å utbetre avløpsleidninga du er knytt til. Som forureiningsstyringsmakt kan kommunen då krevje at du gjer tilsvarande utbetring, jf. forureiningslova § 22 andre leddet. Når leidningane er separerte, er det berre kloakken som må pumpast til reinseanlegget, medan regn- og smeltevatnet i overvassleidningane kan sleppast rett ut i næraste bekk, elv eller innsjø. Vi unngår dermed at kloakken hamnar i næraste bekk, elv eller innsjø ved mykje nedbør eller snøsmelting, fordi dei kommunale leidningane ikkje klarer å frakte alt avløpet til reinseanlegget. Når avløpet ikkje er separert, vil det seie at også kloakken hamnar der. Det er derfor eit godt miljøtiltak å separere avløpsleidningane. Det er kostbart å pumpe og reinse avløpsvatnet. Det er derfor god økonomi i å føre minst mogleg reint vatn til reinseanlegget. [Om eigaren har gjeve tilbakemelding på varselet om pålegg, må tilbakemeldinga kommenterast nærare.]

Dersom kommunen ikkje har teke mot dokumentasjon på at stikkleidninga for avløp er separert innan den fastsette fristen [xx.xx.xxxx], blir du pålagd tvangsmulkt [som eit eingongsbeløp på kr. xx xxx,- /dagmulkt på kr. xxx,-/kombinasjon], jf. forureiningslova § 73.

Tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdsloven § 7-2, og kan krevjast inn av Statens innkrevingssentral rett etter at fristen er overskriden.

Sjå vedlagde oversikt over retten du har til å klage på avgjerda, til å sjå saksdokumenta og å få rettleiing av kommunen.

Når avløpsleidninga er separert, må du fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: [\[postmottak@\[x\].kommune.no\]](mailto:[postmottak@[x].kommune.no])
- Brev: [Adresse]

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [\[postmottak@\[x\].kommune.no\]](mailto:[postmottak@[x].kommune.no]).

Med helsing

.....
(Namn)
Leiar

.....
(Namn)
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Tilbakemeldingsskjema
- Forurensningsloven §§ 22 andre leddet og 73
- Informasjon om retten til klage, innsyn og rettleiing

- Forvaltningsloven §§ 11, 18 og 28-32
- Abonnementsvilkår for (X) kommune

TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

Skjemaet skal sendast straks etter at avløpsleidningen er separert til
[adresse]

ArkivsakID: [x]
 Adresse – Tiltak: [adresse] – [separering av avløpsleidning]
 Gnr/bnr: [x/x]
 Eigar/styrar/festar: [Namn]
 Varsel gjeve: [xx.xx.xxxx]
 Pålegg gjeve: [xx.xx.xxxx]

Eigaren av den private stikkleidningen fyller ut:

Kort utgreiing om arbeidet:	
Arbeidet er utført av:	
Stad og dato:	Underskrift: